

DEN NORSKE KYRKJA

Sogndal og Leikanger kyrkjelege fellesråd

Kyrkjevegen 6
6856 SOGNDAL
Tlf: 57679985
post@sogndal.kyrkja.no

Kyrkjerådet
post.kirkeradet@kirken.no

Sogndal 14.06.2017
Vår sakshandsamar: JMHE
Vår ref.: 17/00019-002
Arkivkode: 012.2

Høyring - nye reglar for val av sokneråd, bispedømeråd og Kyrkjemøtet

Sogndal og Leikanger kyrkjelege fellesråd var samla til møte 13.06.17 og handsame der mellom anna høyringa om nye reglar for val av sokneråd, bispedømeråd og Kyrkjemøtet.

Dei fatta fylgjande høyringsuttale:

Sogndal og Leikanger kyrkjelege fellesråd seier seg samd i Kyrkjerådet sitt framlegg om å slå saman/samordne reglene for val av sokneråd, bispedømeråd og Kyrkjemøte.

Det var elles fleire problemstillingar å ta stilling til i høyringsnotatet.

(Del 1: bakgrunnen for høyringa, har ein ikkje kommentarar til.)

Del 2:

1. Direkteval eller kombinasjonsval av direkte og indirekte valomgang ved val av leke medlemar til bispedømeråd og Kyrkjemøtet.
2. Tilskotsordning for finansiering av nominasjonsgrupper m.m.
3. Personvalreglar
4. Valkrinsar og stemmekrinsar.

Del 3: Stemmerett og manntal

Del 4: Val av medlemar til sokneråd og val av leke medlemar til bispedømeråd og Kyrkjemøtet.

Del 5: Val av andre representantar til bispedømerådet og Kyrkjemøtet.

Del 6: Felles bestemmelsar.

Del 7: Konsekvensar.

Valordning:

Vurdering: A vidareføre dagens ordning der kvart bispedøme kan velje mellom direkte val på alle medlemar eller ei kombinasjonsløysing med nokre valt direkte og nokre av sokneråda, tykkjer vi blir lite prinsipielt for ei valordning. Vi meiner at ein bør ha like reglar uansett kva bispedøme ein høyrer til. Dette fordi vi prinsipielt også ynskjer like reglar for den samla norske kyrkja.

Då står det mellom å ha ei valordning der alle har kombinasjonsval, eller der alle leke medlemar blir valt direkte av medlemane i kyrkja. Ein kan også problematisere dagens kombinasjonsval der soknerådsmedlemane får høve til å velje leke medlemar til bispedømerådet to gonger. Først ved det ordinere kyrkjevalet, og så i neste omgang ved det supplerande valet som blir gjennomført av det nyvalde soknerådet.
Tilråding frå Sogndal og Leikanger kyrkjelege fellesråd: Alle medlemar blir valt ved direkte val.

Nominasjon:

Vurdering: I utgangspunktet vart det opna for å stille alternative listeframlegg for å få fram ulike syn som måtte finnast innanfor kyrkja. Kyrkjerådet har no utgreidd fleire alternativ der det vert teke til orde for både ekstra nominasjonsprosessar, ulike fristar for intensjon om å stille alternativ liste og ulike fristar for innlevering av listeforslag. Fellesrådet meiner at ein skal halde fast på intensjonen om å gje moglegheit for alternative lister – men ikkje gå så langt at det nærast vert eit krav at det skal stillast alternative lister. Ein meiner vidare at dersom det skal stillast alternative lister så må desse ha eit klart mål – ikkje berre vere eit uttrykk for misnoye med kandidatane frå nominasjonskomiteen.

Det er litt spesielt at ein skal ha ein valt nominasjonskomité som skal kome med forslag til ei

nominasjonsliste som speglar breidda av meiningar i kyrkja, og som skal leggje fram si liste til ein bestemt dato. Deretter skal «særgrupper» sjekke om dei syns dei er godt nok ivaretekne, og så kome med sine egne lister. Og så til slutt kan opphavleg liste ha supplerings-nominasjon for å kome dei nye listeframlegga i møte/oppvege mot dei. Dette er, slik vi ser det, ei ordning for spesielt interesserte, og legg opp til spel-situasjonar og auka motsetnader.

Tilråding frå Sogndal og Leikanger kyrkjelege fellesråd: Alle listeforslag skal ha same innleveringsfrist. (Kanskje kan dei ansvarlege for listeforslaga (tillitsvalde for lista) få ein frist etter innlevering, der dei kan gå saman og vurdere om det er opning for å samle seg om ei felles liste – og då fullmakt til å gjere denne endringa. Om ein ikkje kan samlast om ei felles liste, vil valet gå føre seg med det tal lister som er levert inn, som eit forholdstalsval.

Økonomisk tilskot til alternative listeforslag/grupperingar:

Vurdering: Som ved alle andre val vert det også ved kyrkjeval avsett ei økonomisk ramme til gjennomføring av valet. På bakgrunn av denne ramma tildeler Kyrkjerådet m.a. tilskot til fellesrådsområda. Alle nye tiltak som får støtte må også finansierast innanfor ramma. I klartekst tyder dette at dersom nye grupper får tilskot så vil andre få tilsvarande mindre. Sokneråda har, som valstyre, plikt til å informere likeverdig om alle listeforslag. Vi kan difor ikkje sjå at alternative lister/grupperingar har særskilte behov for midlar til informasjonstiltak.

Tilråding frå Sogndal og Leikanger kyrkjelege fellesråd: Når det gjeld tilskotsordning til ulike nominasjonskomitear, så bør det vere ei søkbar, sentral tilskotsordning som likebehandlar alle alternative lister. Alternativt at alternative grupperingar som har særskilt trong for økonomisk støtte kan søkje valstyret om dette.

Personvalreglar:

Vurdering: Det er eit mål å ha reglar som ikkje gjev grupper/geografiske område høve til aksjonar. Tal ekstrastemmer, event. slengarar og strykingar må ta omsyn til dette. Det kan soleis vere nyttig å ha ei sperregrense, lik det ein har på fylkestingsval, på personleg stemmetal.

Tilråding frå Sogndal og Leikanger kyrkjelege fellesråd: Halde fast på å vidareføre dagens ordning med å avgrense tal tilleggsstemmer til 3.

På bakgrunn av siste utviklinga i valreglane for kommune- og fylkestingsval foreslår vi at det vert opna for høve til å stryke kandidatar på listene. Dette bør også avgrensast til max. 3.

Vi støttar forslaget om ikkje å opne for førehandskummulering av kandidatar.

Valkrinsar og stemmekrinsar:

Vurdering: Å tillate røysting på valdagen i andre sokn enn det ein høyrer til i, vil mange stader medføre mykje ekstraarbeid og lange reiser. Her hjå oss har dette likevel vore praktisert, og det har også vore nytta av enkelte. Men noko stort tal personar har ikkje nytta seg av dette. Særleg i grisgrendte strøk med store avstandar, som t.d. i ytre Sogn, vil dette truleg problematisere oppteljinga av valet. Vi meiner at valreglane bør vere så like som mogleg for heile landet, og ynskjer difor ikkje ei differensiering på å tillate dette nokre stader men nekte andre stader. Vi vil difor tilrå at stemmene blir talt opp lokalt i kvart sokn, og at personar som ikkje har høve til å stemme i sitt sokn på valdagen nyttar seg av moglegheita med førehandsrøysting.

Tilråding frå Sogndal og Leikanger kyrkjelege fellesråd: På valdagen kan ein berre stemme i det soknet ein høyrer til.

Stemmerett og manntal:

Vurdering: Høyringa reiser spørsmål om å innføre skjæringsdato for manntalet til 30. juni, slik som for andre val. Dette meiner vi vil gi ei meir oversiktleg og rett liste på valdagen, og også kunne gjere til at folk kan sjekke at dei står som medlemar i rett sokn.

Nå det gjeld manntal for leke tilsette, så bør ein vurdere å auke grensa frå 15 timar arbeid i veka til 20% stilling (ein arbeidsdag i veka). Dette ut frå at vi har mange tilsette i kyrkja som er i små stillingar, og desse bør kunne vere valbare som leke tilsette.

Tilråding frå Sogndal og Leikanger kyrkjelege fellesråd: Fellesrådet støttar forslaget om skjæringsdato 30. juni for oppføring i manntalet, og støttar forslaget om medlemsskapsstatus pr. 1. september som grunnlag for stemmerett. Fellesrådet ber om at ein vurderer eit krav om 20% stilling (i staden for 15 timar arbeidstid pr. veke) for å kunne stå i manntal for leke tilsette, og dermed også kunne veljast som lek tilsett.


Dei resterande punkta i forslaget frå Kyrkjerådet har Sogndal og Leikanger kyrkjelege fellesråd ikkje særlege merknader til – med unntak av pkt. 7. Krav til kjønnsbalanse på listeforslaga

Vurdering: Her er gjeldande rett at ved val av medlemmer i sokneråd og leke medlemmer i bispedømeråd og Kyrkjemøte er kravet at listeforslaga skal «ha minst 40% representasjon av begge kjønn» - medan det ved val av prestar og leke kyrkjeleg tilsette til bispedømeråd og Kyrkjemøte berre er krav om at «begge kjønn skal vere representert» på listeforslaga. Kyrkjerådet foreslår at dette vert vidareført utan endring. Her er Sogndal og Leikanger kyrkjelege fellesråd usamd med Kyrkjerådet og vil foreslå at reglane vert endra slik at ein får like reglar for alle lister.

Tilråding frå Sogndal og Leikanger kyrkjelege fellesråd: Listeforslaga ved val av prestar og lek kyrkjeleg tilsette til bispedømeråd og Kyrkjemøte skal ha same krav til kjønnsbalanse som listeforslaga for leke medlemmer i sokneråd, bispedømeråd og Kyrkjemøte – dvs. minst 40% representasjon av kvart kjønn.

Venleg helsing

Sogndal og Leikanger kyrkjelege fellesråd



Jorunn Merete Haukas-Eide

kyrkjeverje i Sogndal og Leikanger

